

Ope folkemøte om klatresenter i Uskedalen, torsdag 12. sept. kl. 16.30.

04.09.2019



Prosjektgruppa for klatresenter i Uskedalen inviterer til folkemøte.

Med sin alpine natur og karakteristiske granittvegger er Uskedalen i Kvinnherad kommune eit reisemål av internasjonal storleik. Hit kjem klatrarar frå mange ulike nasjonar for å klatra i Ulvanoso - massivet. Kombinasjonen av fantastisk steinkvalitet og utsikt til både bre, fjord og fjell gjer Uskedalen til eit eldorado for klatring og anna bratt friluftsliv.

Desse moglegheitene blir også i aukande grad nytta av lokale entusiastar. Vi har dei siste åra sett ein framvekst av eit lokalt klatremiljø bestående av barn, ungdom og vaksne. Dette kjem som eit resultat av idrettslaget si systematiske og målretta satsing på å utvikla lokale klatrefelt. Idrettslaget har også oppgradert den vetele klatreveggen som allereie er i Aktivitetshuset og halde kurs, dognader og samlingar. For å sikra at miljøet etablerer seg skikkelig, må fasilitetane betrast.

Idrettslaget si målsetjing:

1) Vi ønskjer å byggja eit klatresenter som påbygg til den eksisterande fleir brukshallen i Uskedalen og vi ønskjer å sikra at klatresenteret blir interessant også for klatreturister i området. Vi har som ambisjon at dette skal bli eit regionalt klatresenter som står i stil med dei moglegheitene vi har utandørs. Vi tenkjer klatrevegger på opp til 20 meter.



Klatretårn er eit av fleire tiltak i ein total pakke. Steinar Haugland er medlem i prosjektgruppa.

- 2) Integrert i dette påbygget skal det vera eit moderne styrkerom.
- 3) Eit påbygg som opnar opp hallen og gjer den meir anvendeleg for fleire brukargrupper er og eit mål.

Vi ønskjer at påbygget også skal kunna skapa ein god sosial møteplass og gje rom for ei rekke varierte aktivitetar for alle aldersgrupper. Her treng vi innspel på kva andre aktivitetar ein skal leggja til rette for i aktivitetshuset.

Prosjektgruppa inviterer til folkemøte saman med arkitektane frå Lala. Vi ønskjer ein open prosess der innbyggjarane får delta. Vi ser det som viktig at brukarane av bygget vert høyrte, for å skapa engasjement, eigarskap og gode innspel, dette for å få eit best mogleg grunnlag for å utforma det framtidige aktivitetshuset.

Det vil bli ein gjennomgang ved arkitektane og prosjektgruppa. Sjølv sagt vil det vera gode moglegeheter til å gje innspel. Representantar frå kommunen vil også sei noko om eit inkluderande idrettsanlegg for å gje inspirasjon til prosessen.

Det vil bli servert middag (pizza). Det er flott om du kan huka av på Facebook om du kjem eller ikkje, slik at vi kan berekne maten.

Arrangementet ligg på Facebooksida til: *klatregruppa i Uskedalen*.

Vel møtt !

Tekst: Pressemelding frå prosjektgruppa

Foto/nett: Kristian Bringedal